

Strålende dag med Spar Cup på Heio.

31.08.2014



Mykje folk er samla på Heio i dag.

Spar Cup er godt i gang på grasbanen på Heio. Det flotte veret set ein ekstra spiss på det flotte arrangementet, og både spelarar, foreldre, besteforeldre og alle andre storkosar seg på og rundt den grøne grasmatta. Kampane starta kl. 10 og held fram til ca. halv 7, så det er framleis gode muligheter til å ta del i dette koselege aarangementet.

**KLIKK PÅ BILETA SÅ VERT DEI STØRRE.**



Spar Cup er koseleg for ulike generasjonar. I teltet i bakgrunnen kunne ein kjøpe kaker, kaffi mm  
Innan kl. halv 7 i kveld vert det avvikla heile 77 kampar fordelt på 4 banar. Det deltar tilsaman 49 lag frå heile Kvinnherad, og kvart lag har 5 spelarar på banen samstundes. 7 av laga kjem frå Uskedalen. Alle laga får spele minst 3 kampar. Spelarane er fødd i perioden frå 2004 til 2008.



I kiosken fekk ein kjøpt pølser og anna godt

Spar Cup kårar ingen vinnarar. I tråd med Fotballforbundet sitt reglement er alle vinnarar, og alle deltarane får utlevert ein spesiallagda statuett som synleg bevis på det.



To Uskedalslag før dei møttest til kamp, G 04,2 og J 04/05. Dommar er Kristian K. Hansen i gult. Det vart ein jamn og spennande kamp som enda 3 - 3.

Som ein skjønar er det eit stort arrangement, og det er mange brikker som skal på plass, og mange omsyn som

må takast. Vi nemner mellom anna at 6 åringane skal få Mi kyrkjebok under gudstenestene både i Kvinnherad kyrkje(kl.11) og Uskedal kyrkje (kl.17.). Dette er noko av det turneringsleiar Odd Steinar Arnesen har teke omsyn til i kampoppsettet.



j04/05 jublar etter innsatsen

Det er ein stor stab som hjelper til med avviklinga. Parkeringsvakter, opp-/nedrigging av telt, klargjering av bane, kiosksal og kakebaking, speakerteneste og sekretærifunksjonar er nokre av oppgåvene som skal dekkast. Svært viktige er og dei unge dommarane som gjer ein imponerande jobb. I år har Kristian K. Hansen, Martin H. Arnesen, Jarand J. Eide, Jakob S. Taranger, Torstein Myklebust, Thea S. Taranger, Ida M. Eidsvik, Viljar S. Tveit, Sondre Klyve og Emilie Bringedal denne oppgåva. Fleire av dei same ungdommane hjelper og til med kiosksalet. Imponerande!

Til saman er det mellom 40 og 50 gode medhjelparar.



Alle deltagarane får statuett.

Då uskdalen.no overvar dei første 3 timane turneringsdagen opplevde vi ein skikkeleg koseleg stemning. Ramma rundt kampane var perfekt og avviklinga gjekk punktleg etter tidsskjemaet. Innimellan kampane kosa det store publikumet seg med alt det gode som vart selt i kiosken og teltet. Mange born kosa seg og i leikeapparata ved banen. Både avslappningsfaktoren og sosialfaktoren var på topp. Dei opplevde den gode stemningen!



G04, 1 jublar.

Turneringsleiar Odd Steinar Arnesen og staben hans har all grunn til å vera fornøgd. Odd Steinar berømma Spar som er sponsor for cupen. Han var og svært glad for å kunne presentere ei perfekt grasmatte.

- Det er den beste grasbanen i mils omkrins. Æra for det har banemeisteren vår, Steinar Haugland. Du må skriva at vi ønskjer den skal verte brukt mykje, og eg håpar mange vil nytte seg av tilbodet både om ettermiddagar og i helger.



Mange kosa seg i leikeapparata.

Som sagt føregår det kampar fram til kl. halv 7 i kveld, og det er dermed framleis god tid til å oppleva ei koseleg stund på Heio.

Dersom nokre har lagbilde eller andre gode bilde frå dagen, kan dei sendast til [thordossland@gmail.com](mailto:thordossland@gmail.com) så vil dei verta publisert. Husk å skrive lag/namn ved bildet.



Sklia var og populær.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.